# Fluribus

Tekst: Marie Heggen 1955

Melodi: Marie Heggen 1955




I håret var eit skjorereir
med mor og ungar tre,
dei budde der i årevis,
men ingen visste det.

I øyra sat eit musepar,
ein deigklatt låg attved
av julekaka frå i fjor,
men ingen visste det.

På nasetippen fluga sat,
ho ramla ikkje ned.
Ho låg i vinterdvale der,
men ingen visste det.

Ein dag kom skurekost og kam
og lut og pimpestein,
dei vaska, gnei i dagar sju
til Fluribus var rein.

Og skjor og mus og fluge flaug
så alle måtte le,
nei, han var ingen Svarteper,
no visste alle det.

© Tunkattens songbok
www.tunkatten.no

## Fluribus

Og vesle rare Fluribus
såg ut som Svarteper,
og lell han var ein kjernekar,
men ingen visste det.

I håret var eit skjorereir
med mor og ungar tre,
dei budde der i årevis,
men ingen visste det.

I øyra sat eit musepar,
ein deigklatt låg attved
av julekaka frå i fjor,
men ingen visste det.

På nasetippen fluga sat,
ho ramla ikkje ned,
ho låg i vinterdvale der,
men ingen visste det.

Ein dag kom skurekost og kam
og lut og pimpestein,
dei vaska, gnei i dagar sju
til Fluribus var rein.

Og skjor og mus og fluge flaug
så alle måtte le,
nei, han var ingen Svarteper,
no visste alle det.

Tekst: Marie Heggen

Kjelde: Marie Heggen: *Eventyrbyen* (Det Norske Samlaget 1955)